



Norunn Bjørge
Eidsnesvegen 121
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2679 - 15/311

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.01.2015

Bruksendring frå fritidsbustad til heilsårsbustad - førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt - gbnr 215/56 Eidsnes ytre.

Lindås kommune viser til ditt skriv av 02.12.2014 vedkomande bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på gbnr 215/56 Eidsnes ytre. Kommunen registrerer at arbeidet med å legalisera forholdet vert avslutta og at de er i prosess for at den ulovlege bruken skal opphøyra. Kommunen kan ikkje godkjenna anna bruk av bygget enn det bygget er godkjend for, sjølv for ein avgrensa periode. Det ulovlege tilhøvet må rettast.

Frist for retting

Frist for retting vert sett til 15.06.2015.

Retting må skje ved at bruken av fritidsbustaden som heilårsbustad opphøyrer. Det skal dokumenterast at retting er utført innan fristen.

Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Dersom det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen vil saka kunne verta følgd opp med pålegg om retting etter plan- og bygningslova, pbl, § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgd, kan kommunen utferda førelegg etter pbl § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og kan fullbyrdast etter reglane for dommar. I tillegg kan eit førelegg tinglysast som hefte på eigedomen.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Dersom pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetja tvangsmulkt etter pbl § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel. Vedtak om tvangsmulkt kan skje anten som eingangsmulkt og/eller som dagmulkt.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkome vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som ein rettskraftig dom, jf pbl § 32-6.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å gje uttale i saka. Frist for uttale vert sett til 4 veker frå dato på dette skrivet.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert send ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2679.

Eventuell elektronisk post til kommunen skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Norunn Bjørge

Eidsnesvegen 121 5913

EIKANGERVÅG